
Fra: Skulstad Marianne [<mailto:marianne.skulstad@vegvesen.no>]

Sendt: 25. april 2019 10:31

Til: Marte Hagen Eriksrud; Trude Langedal

Kopi: Kristin Nåmdal; Aarland Frode Moen; Bøyum Tone; Egeland Sindre

Emne: Omsynssoner E39

Hei,

Lindås kommune rullerer no kommuneplanens arealdel og kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen. Samstundes pågår planarbeid for ny E39 frå Flatøy til Eikefettunnelen. Etter førespurnad frå Lindås kommune, har Statens vegvesen utarbeidd framlegg til omsynssoner for E39-korridorane, i samsvar med vedteke planprogram for arbeidet.

Omsynssonene er delt i 2: Dagsone og tunnelsoner. I områda for dagsone kan framtidig trase liggje ope i dagen, eller nær tunnellinislag. For å unngå konflikt med framtidig trase er det ikkje ynskjeleg med tiltak som aukar bruken eller verdien av arealet i denne sona. Kommunen må sikre at Statens vegvesen får moglegheit til å gi uttale til saker i dagsona som ikkje er i samsvar med gjeldande reguleringsplanar som er yngre enn 10 år gamle. I denne samanheng viser vi til pbl. § 12-4, 5.ledd, som gir kommunen plikt til å påse at eldre reguleringsplanar er oppdaterte når tiltak vurderast. Alle dispensasjonssaker som gjeld større tiltak i dagsona må sendast Statens vegvesen til uttale.


I tunnelsonar ventar vi at traseen vil liggje i fjell, og det er ikkje naudsynt med ein like streng haldning. Tiltak i overflata, eller inntil 2 meter under overflata vil kunne akseptast. Tiltak lenger ned i grunnen er ikkje ønskjeleg, og vi ber om at Statens vegvesen får desse til uttale.

Utover disse sonene, er det også viktig å unngå nye tiltak innanfor byggjegransa på 50 meter langs dagens E39 på strekninga. Som del av reguleringsplanarbeidet skal det planleggast ny gang- og sykkelveg knytt til dagens E39, i tillegg til at det skal regulerast kryssløysingar mellom ny og gamal trase. Statens vegvesen vil difor praktisere ei streng haldning til tiltak innanfor byggjegransa langs E39.

Sosi-fil:

- Dagsoner => H710_10, H710_11, H710_12 og H710_13
- Tunnelsoner => H710_20 og H710_21

Utklipp:



Med helsing
Marianne Skulstad

Statens vegvesen, Vegavdeling Hordaland, Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Kontoradresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN

Mobil: +47 55 51 62 53 **epost:** marianne.skulstad@vegvesen.no

www.vegvesen.no **epost:** firmapost-vest@vegvesen.no